



Aksnes og Presto

Vi kom akkurat for seint til å få med sjøsetjinga av skyssbåten, som i lengre tid har lege i land til overhaling. – Det heile gjekk faktisk føre seg medan vi var midt oppe i diskusjonen om korleis båten, eller Presto som han rett nok heiter, ville reagere på ansiktsløftinga når han no på nytt skulle utføre sine plikter for oss øy-buarar. For utført sine plikter, det har han gjort i alle fall så lenge eg kan hugse. Dagstøtt har han tråla mellom øyane med prestar, fotball-lag, skule-elevlar eller kven det no har vore som måtte ha skyss.

Men medan vi kasta bort tida med å planleggje reportasjen, gjorde Aksnes seg klar til sjøsetjinga utan vidare annonsering, – og om ikkje lenge teikna seg seg ei kvit skumstripe på sjøen etter Presto. Vi fekk sjå, om ikkje anna enn gjennom stovevindauget, at sjødyktig det var han i høgste grad framleis. Og sjølv om vi hadde kome litt skeivt ut ifølge planen, var dette ei hending som ein ikkje kan la gå i gløymeboka. Så vi la på sprang

ned til hamna i håp om at Aksnes og båten ville dukke opp. Og det gjorde han heldigvis.

Aksnes kom til Austnes i 1950, men enno kan ein høyre fjordingen i målet.

– Eg har i grunnen drive på med skyssing heilt sidan eg flytta hit, fortel han. – Men i byrjinga vart det nok meir fisking enn skyssing. Og dessutan har eg arbeidd som bygningsmann heile tida, så nokon bestemt yrkestittel er det vanskeleg å tillegge meg.

– Kvar fekk du namnet Presto frå?

– Nei, det var det kona som kom med. Mange trur det har samanheng med at eg driv med presteskyss, men der tek dei grundig feil. Uttrykket høyrer heime i musikken, og tyder på noko slikt som rask eller snøgg, det har i alle fall noko med å gjere.

– Kva har du gjort med båt medan han har lege på land?

– Eg har faktisk forandre h heilt. Innreiinga er ny, og tak var gåent, så det måtte utsk

tast. Dessutan har eg sett opp ei rekkje av stål rundt.

Fotografen knipsa ivrig, og Aksnes, som ikkje er av dei mest PR-kåte, er ikkje så heilt begeistra for det. Han er mest oppteken av at båten skal kome med på bileta. Og kvifor må han ta så mange, tru?

– Løner det seg å drive med dette?

– Nei, det er nok lite fortene-ste på det, og i dei siste åra har ferjesambandet vorte så godt utbygd at det er få som har bruk for meg. Men eg kjem nok til å fortsetje så lenge eg er god til.

– Til slutt: Har du hatt spesi-elle opplevingar medan du har vore ute på sjøen med båten? Uver eller slikt?

– Nei, det kan eg ikkje kome i hug. Det har stort sett gått bra.

Men vi har no våre eigne meiningar om denne uttalelsen. Går det an å vere skyssbåtførar

«Vi vil ha kor
for oss sjølve